

REFERAT FRA

FAU - MØTE 2025 november



Periode	2025/2026
Dato	041125
Kl.	17:00
Sted	Strømgaten 1
Kopi	Rektor
Referent	Pia I M Kalland

TIL STEDE:

8. trinn			9. trinn			10. trinn		
8A	Anne-Christin Ringdal		9A	Sturle Rasmussen	TS	10A	Knut Helge Brynstad	MF
	Nick Toynbee	TS		Henriette Stokholm			Pål Endre Eriksen	
8B	Paul R. Johannese		9B	Åsmund Vassel	TS	10B	Faisen Sharif Osman	MF
	Andreas K. Pihl			Ina Lill Skurtveit Grung			Arild Birkenes	
8C	Siri Jordal Brandtun	MF	9C	Pia Ingeborg M Kalland	TS	10C	Håkon Gudbrandsen	TS
	Monika Haugland			Tore Vagn Lid			Silje Mikkelsen	
8D	Frank Johnsen	TS	9D	Lotte Christiansen	IM	10D	Tone Andersen	TS
	Eirin Eikefjord			Rune Smistad			Louise Salvesen	
8E	Liz Berentsen	TS	9E	Renate Sabine Jacobsen	TS	10E	Siri Øksnes	TS
	Therese Visted			Frank Tore Sæther			Cecilie Boge	
8F	Camilla Vallebona	TS	9F	Christin Vorland	TS	10F	Øyvind Telvik	TS
	Ida Hermanse			Åse Kristin Rio			Marie Stoltz	
8G	Frode Sekkingstad	TS	9G	Rønnaug Lilletveit	TS	10G	Vigleik Mathisen	TS
	Emma Ølander Aadland			Håvard Haarstad			Cathrine Næss	
8H	Vibeke Kvanvik Nygaard	MF				10H	Kristin Svartveit	MF
							Kathrine Nesse	
8I	Hans-Petter Hanson	TS						
	Catalina Rivas							
8J	Mari Øygard	TS						
	Hilde Erstad							
Fra skolen: Bjørn Møller - Avdelingsleiar								
Forkortelser: TS - Til stede. MF - Meldt fravær. IM - Ikke møtt								

REFERAT FRA

FAU - MØTE 2025 november



	Saksliste: 1. Velkommen til eventuelt nye i FAU 2. Godkjent referat frå forrige møte - kort om oppfølgingspunkt - https://drive.google.com/file/d/1Kh8sJW60Oaq1eHejou1qf3YMG5QPP28T/view?usp=drive_link 3. Informasjon frå skulen. Bjørn Møller, avdelingsleder 9. trinn, stiller for rektor. 4. Informasjon frå kvar undergruppe, sjå under. Minner om at alle skal velge seg ei gruppe, det er særlig fundraising og ballkomité vi treng folk til. 5. Saker til eventuelt
--	---

Sak 1 Opprop

Sjå liste over frammøtte

Sak 2 Godkjenning av referat

For framtida vil referatet bli sendt ut av FAU-leiar til heile FAU for korrigeringar og tilbakemeldingar på e-post. Innan gitt svarfrist er referatet godkjent og leiar sender til rektor som sørger for at det vert lagt ut på skulen sine sider. Eventuelle oppfølgingspunkt i referatet blir tema i neste FAU-møte.

Sak 3 - Informasjon frå Skulen ved avdelingsleiar Bjørn Møller

- 9. trinn er komne "heim att" frå Fyllingsdalen.
- Det er framleis fokus på inneklima
- Bosshentingsutfordring - BIR. Det er større bilar som parkerer i området og derfor kjem ikkje dei store bilane til BIR heilt fram til Rothaugen skole. Løyst ved å ha mindre bosspann på hjul.

Sak 4 - Gruppene i FAU

<https://docs.google.com/spreadsheets/d/1Whhwg9vLEXH0S1QTDF2a3nTm3NdQwNxo/edit?usp=sharing&ouid=103979382116715274192&rtopof=true&sd=true>

Samfunnskontakt

Gruppa skal yte politisk press ved behov.

Det er velkjent at bygningsmassen (Rothaugen og Strømgaten 1) er ikkje eigna. Kommunen har meldt om full rehabilitering av Rothaugen og ny ungdomsskule på Nordnes (dagens Fagskule). Sjølv om det er sett av prosjekteringsmidlar til rehabilitering er det ein lang veg å gå før alt er realisert. Det er også val før dette blir ferdig. Denne gruppa bør derfor følge opp prosessane i dialog med kommunen.

- ☐ Sidan FAU-medlemmer sitter i 1,5 år er det stadig utskifting og risiko for at en startar på nytt for kvar gong. Det vert viktig at denne gruppa skriv ned heile historikken rundt oppussing og rehabilitering av Rothaugen, i tillegg til planar om ny ungdomsskule på Nordnes. For å sikre god overlevering til neste FAU-medlemmer og kontinuitet i FAU.
- ☐ Innspel om gode strategiar for å få merksemd rundt denne saka. Kontakte politikarar, henvende oss til media m.v.
- ☐ Fleire i FAU gjer seg til jun, vi treng fleire inn i Samfunnskontakt-gruppa

REFERAT FRA

FAU - MØTE 2025 november



Kvalitet i skulen

Gruppa har hatt møte med rektor om kvalitetsoppfølging og kvalitetssikringssystem. I år skal det vere kvalitetsdialog som involverer elevar og foreldre. Til ein viss grad er det vi i FAU som er foreldrerepresentantar.

- ☐ Gruppa ber om at rektor er endå tydelegare på kva som er venta av dei som foreldrerepresentantar i det vidare arbeidet
- ☐ Det er planlagt Teams-møte med Bergen kommune/Etat for skole i starten av desember. Sidan det er etter neste FAU-møte 2/12 kjem tema opp i FAU sitt januar-møte.

Skule- og nærmiljø

Resultat på årets elevundersøking er sannsynlegvis klar over nyttår. Denne gruppa følger opp, tema i FAU sitt januar-møte.

Det er dratt i gang noko som kan bli ein ungdomsklubb på Stemmemyren, gjennomførte mellom anna Halloween-arrangement. Kan gjerne rekruttere fleire. FAU si hovedoppgåve er å informere og støtte opp under denne type gode initiativ.

Ballkomite

Å arrangere Rotteball er den største jobben til FAU. Også her viktig med kontinuitet, det er godt ivaretatt i år. Gruppa har møte rett etter FAU-møte ilag med ungdommane som er med i ballkomité.

Kaffidugnaden er ein viktig del av finansieringa av Rotteballet. Kristin sender ut informasjon denne veka om gjennomføring. Alle klassekontaktar og FAU representantar skal hjelpe til med salet, gjerne sende ekstra e-postar med påminnar til klassen. Klasselistene er lagt ut.

Det vert pakking av kaffi den 2. desember, rett etter FAU-møte. Kristi, Håkon, Liz, Renate, Øyvind og Vigeik melder seg til å bidra med pakking.

Fundraising

For å bidra til finansiering av Rotteballet. Skulen har tidligare år dekkja underskotet, blant anna støtte til billetter for dei som har behov for det. Vi må så langt som mogleg unngå at skulen skal bruke pengar på det.

Også her viktig å skrive ned historikk og sørge for kontinuitet i arbeidet.

- ☐ Det er søkt om tilskot i år, det er også gjort tidlegare år.
- ☐ Trafikalt grunnkurs er nytt og positivt bidrag med 200 kr per deltakar som går til Rotteballet.
- ☐ Ballkomitéen har snakka med ungdommane i komitéen om initiativ dei kan ta, blant anna pantedugnad.

Sak 5 Ymse

Natteravnane

Informasjon frå Natteravnane blir sendt ut via skulen i Vigilo. FAU og klassekontakter bør bidra med å framsnakke og minne om å melde seg til eit viktig initiativ.

Erfaring frå forrige vakt, 31.10 (Halloween fredag). Det var så lite som 4 stk som melde seg, skuffande. Ei travel dag, ikkje synleg politi. Det er ein takknemleg jobb, vere til stades for ungdomar som treng det og skape trygge rammer ute.

Utsifting av FAU-medlemmer

Etter planen skal FAU frå 9. trinn overlevere stafettpinnen til nye FAU-medlemmer ved nyttår. Vi vil trenge ei god overlevering, i tillegg til ny nestleiar og sekretær. Vi skal også bruke det nye filområdet til å lagre historikk best mulig kontinuitet i arbeidet.

Neste møte er 2. desember kl 17 i Strømgaten 1